

Frå: OddArne.Haga@bonava.com
Send: mandag 19. april 2021 15:38
Til: Marianne Soleng; Knut Harald Frøland; Martin Haugen; Øyvind Steinsland; Solveig Vassenden; Lena Tveit; Anja Elisabeth Gjerde Markhus; Knut Loneland Høibraaten; Ove Totland; Øyvind Strømmen; Oskar Røen; Shirin Kvernes Khadoor; Gunn Østvik Petersen; Harald Boge; Jon Magne Bogevik; Arild Røen; Gunn Totland Moss; Karl Bård Kollbotn; Linda Haug Kollbotn; Øyvind Røen; Monica Tjønnå; Postmottak Samnanger
Kopi: Ingebjørg Vamråk; post@samningen.no
Emne: Informasjon om ettersendinga av saksframlegg

Hei

Oversender risikovurdering av innhenting av tilbud for veg og reguleringsplan til Hagabotnane. Og ber om at risikoanalysen skal inn som del av framlegg til vedtak.

Risiko	Tiltak
Det er såpass stor usikkerheit kring eit slikt prosjekt at det er fåre for at entreprenør ikkje vil bruke ressursar til å gje tilbud.	Før totalentreprise blir lagt i doffindatabasen skal risiko belyst og, i den grad det er mogeleg, leggjast inn i konkurranseunderlaget der ein og handterer naudsynte tiltak for å styre risiko.
Er lågaste pristilbod for totalentreprise langt over 10 MNOK blir truleg ikkje prosjektet realisert.	Entreprenør styrer dette sjølv. Generelt kan det seiast at i entreprisar må entreprenør bruke ressurs i tilbudsfasen utan å vere sikker på å få oppdraget.
Grunnforholda representerer usikkerheit og kan gje auka pris for prosjektgjennomføring.	Entreprenør skal i sitt tilbud for totalentreprise beskrive antatte grunnforhold. Om foreslått trase er nærliggjande med trasealternativ for silingsrapport frå Asplan Viak kan beskrivele av grunnforhold i silingsrapport nyttast. Grunnundersøking skal gjennomførast og betalast av Samnanger kommune før kontraktsinngåelse, med utgangspunkt i vegtrase entreprenør har foreslått. Resultat av grunnundersøking skal samanliknast med dei antatte grunnforhold entreprenør har lagt til grunn for sitt tilbud. Eventuell auke av pris skal inkluderast i kontraktsunderlag før saka skal til handsaming i kommunestyre.
Vegtrase er ikkje bestemt og reguleringsplan ikkje gjennomført. Nokre av dei alternative traseane går over kulturbeite som kan vere ei hindring for aksept.	Generelt vil ny veg til kommunen sitt sentralidrettsanlegg ha stor samfunnsnytte. Reguleringsplan, som skal utarbeidast av entreprenør, skal godkjennast av det offentlege. I kontrakta må det setjast av tid til godkjenning av reguleringsplan. Reguleringsplan skal ha prioritert sakshandsaming og politisk handsaming i Samnanger kommune.

<p>Ein kjem ikkje til einigheit med grunneigar om erverv av areal.</p>	<p>I kontraktsgjennomføringa må det setjast av tid til eventuell ekspropriasjon. Kostnad med ekspropriasjon/ arealerverv skal dekkjast av Samnanger kommune og skal vere ein del av estimert prosjektkostnad som skal tilbake til kommunestyre for godkjenning før kontraktsinngåelse. Eventuell ekspropriasjon skal ha prioritert sakshandsaming og politisk handsaming i Samnanger kommune.</p>
<p>Det er usikkerhet om prosjektet lar seg gjennomføre også etter at kontrakt med entreprenør er inngått og før prosjektering av veganlegg er fullført.</p>	<p>Samnanger kommune sikrar seg retten til å når som helst kunne stogge prosjektet. I tilfelle prosjektet blir stogga skal entreprenør har betalt for medgåtte kostnader + eit tillegg på kr. X.</p>

Med mindre ein ikkje under noen omstendighet vil ha veg til Hagabotnane er risikoen for å hente inn tilbud kun knytt til kr 50 000,-, som er satt av for å hente inn tilbudet.

Mvh
Odd Arne Haga - FRP